



Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

Handlingsplan for nettverket i Helse Fonna 2020

Målsetting for nettverket

Målet for nettverket av ressurspersonar i Helse Fonna er kompetanseheving, samhandling og samarbeid slik at kreftpasientar og andre pasientar med trong for lindrande behandling, samt deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik på alle nivå i helsetenesta.

I Helse Fonna er det til saman 139 ressurspersonar fordelt på 109 sjukepleiarar og 30 ergo- og fysioterapeutar pr desember 2019. Dei representerer alle kommunar og tre sjukehus i Fonna-området.

Nettverksarbeidet har vore forankra i ein felles avtale mellom Helse Fonna, kommunane i Helse Fonna-området, Kreftforeningen og Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB) sidan 2005. Etter ny samhandlingsstruktur mellom Helse Fonna og kommunane er nettverket etablert som eit fagnettverk under FOUSAM med eit mandat frå Samhandlingsutvalget. Samhandlingsutvalget vedtok 12. desember 2014 eit mandat for nettverket som er i tråd med tidlegare avtale.

Frå 2014 er Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Kreftomsorg Rogaland (KOR) innlemma som partar i nettverket. Fysio- og ergoterapeutar er og inkluderte i arbeidet.

Satsingsområde frå strategiplan for nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling, Helseregion Vest.

Det er vald ut satsingsområde for nettverket ut frå strategiplan. I 2020 vil ein ha fokus på desse emna:

- Eutanasi og lindrande sedering. Tema på årleg fagdag 2020.
- Sorg
- Førehandsamtalar, Advanced care planning
- Hospitering
- Å få enda betre innarbeidd møte mellom ressursperson og næraste leiar (mal for møte ressursperson-leiar er utarbeidd)
- Tverrfagleg samarbeid. Lokal fastlege / sjukeheimslege/sjukehuslege får invitasjon til lokalt nettverksmøte (invitasjonsbrev til fastlegane er utarbeidd)
- Arrangera lokal palliativ fagdag
- Markera Verdsdagen for lindrande behandling

Rolla til ressurspersonane vil framleis stå i fokus og bli gjennomgått og drøfta på nettverksmøta.

Plan for arbeidet til ressurspersonane

1. Klinisk verksemd på arbeidsplassen:

Ressurspersonane skal

- Ha minst eit møte med leiar og lage handlingsplan for arbeidet som ressursperson
- Vere ressursperson og rollemodell for sine kollegaer i arbeidet med kreftomsorg og palliasjon
- Fremma tverrfagleg samarbeid ved å bidra til å trekke inn relevante yrkesgrupper
- Anvende kartleggingsverktøyet HOPE for åndeleg/eksistensiell omsorg og ha merksemd mot dette området
- Ha internundervisning, vidareformidla kunnskap til kollegaer på sin arbeidsplass, når dei har vore på nettverksmøte eller årleg fagdag
- Bruke ESAS-r for palliative pasientar
- Vere med i utarbeiding av minst ein Individuell Plan innan palliasjon
- Gjera seg kjend med og vera pådrivar for kollegaer i å bruke hospiteringsordninga i Helse Fonna-området

2. Samhandling – systemarbeid:

Samhandling er fast tema på nettverksmøta. Ressurspersonane vert oppmoda til å bruka Individuell Plan, som er eit viktig verktøy for å fremme god samhandling som kjem den enkelte pasient og pårørande til gode. Hospitering kan og bidra til å fremma samhandling ved at ein får kjennskap til kvarandre sin kompetanse og arbeidssituasjon.

Systemarbeid: Arbeide for å få ESAS-r inn i dokumentasjonssystem og kvalitetshandbok.

3. Kompetanseheving:

Ressurspersonane får undervisning ut frå nettverket sin kompetanseplan.

Tema for 2020:

- Sorg. Lars Helge Myrseth, prest i Stavanger og KLB tilsett vil stå for undervisninga.
- Førehandssamtalar. Undervisning ved kreftsjukepleiar Maria Revheim.
- Fokus på eutanasi og lindrande sedering. Dette blir tema på den årlege fagdagen.

Driftsgruppa for nettverket søkte og fekk hausten 2019 tildelt kompetansemiddel frå Fylkesmannen i Rogaland og Fylkesmannen i Vestland. Det er utarbeidd kriterium for bruken. Foreløpig rapport vil bli sendt Fylkesmannen i Rogaland og Vestland ved utgangen av 2019. Ein reknar med der er middel til gode som vil bli søkt overførte til 2020 og fordelt etter kriterium.

Fastlege i vertskommunen, sjukeheimslege eller sjukehuslege vert invitert til å ha eit innlegg på den faglege delen av nettverksmøtet, omkring temaet «Samarbeid rundt pasientar i palliativ fase og pasientar med kreftdiagnose»:

- Korleis fremma samarbeidet sjukepleiar - lege sett frå legen sin ståstad
- Kva utfordringar møter ein som lege i arbeidet med pasientar i palliativ fase
- Kva moglegheiter ser legen for vidare samarbeid med lokal ressursperson

Plan for nettverksmøta

Me vil i 2020 fortsatt jobba for å få til gode nettverksmøte med godt frammøte. Det går på omgang mellom dei ulike kommunane og sjukehusa å arrangera nettverksmøta. Fortsatt vil ressursperson i arrangørkommunen/sjukehuset ha ansvar for å skaffa lokale, ta imot påmelding, invitera lokal fastlege/sjukeheimslege/avdelingslege, ynskja velkommen i starten av møtet, ordna med lunsj og skriva referat frå dagen. Ressurspersonane i vertskommunane vert også utfordra på å presentera eit case til fagleg drøfting og etisk refleksjon.

Ein vil fortsetja med å setja av første halvdel av møtet til refleksjon og erfaringsutveksling, der alle vert utfordra på å dela noko frå sitt arbeid som ressursperson. Me ynskjer framleis å ha fokus på refleksjon rundt rolla som ressursperson.

Nettverksmøte våren 2020:

Nettverk Indre Haugalandet	5. mai i Sauda
Nettverk Hardanger	28. april Odda sjukehus
Nettverk Sunnhordland	12. mai Bømlo kommune
Nettverk Ytre Haugalandet Nord	19. mai
Nettverk Ytre Haugalandet Midt	21. april på Haugesund sjukehus
Nettverk Ytre Haugalandet Sør	26. mai på Haugesund sjukehus

Nettverksmøte hausten 2020:

Nettverk Indre Haugalandet	3. november i Suldal
Nettverk Hardanger	22. september i Odda kommune
Nettverk Sunnhordland	13. oktober i Kvinnherad
Nettverk Ytre Haugalandet Nord	29. september
Nettverk Ytre Haugalandet Midt	20. oktober i Sveio
Nettverk Ytre Haugalandet Sør	27. oktober på Åkra/Skudenes

Plan for arbeidet i driftsgruppa

Planlagde møter i driftsgruppa i 2020:
18. februar på Stord sjukehus
14. april på Odda sjukehus
25. august på HVL
10. november på Haugesund sjukehus

Introduksjonskurs

Introduksjonskurs for nye ressurspersonar og deira leiarar vert arrangert i 22.januar 2020.

Årleg fagdag

Årleg fagdag 2020 vert arrangert 24. mars i Tabernaklet i Haugesund.

Ei gruppe frå driftsgruppa har ansvaret for planlegginga, saman med representant frå fysio- og ergoterapinettverket.

Målgruppe for fagdagen er ressursjukepleiarar og ressursfysio- og ergoterapeutar i nettverket og deira leiarar. Fastlegar og sjukeheimslegar vert inviterte.

Tema: Fokus på eutanasi og lindrande sedering.

Det vert både førelesningar og gruppearbeid/refleksjonsgrupper i løpet av fagdagen. Det blir satt av tid til refleksjon rundt case i grupper med anledning til å utveksla erfaringar, knytte kontaktar med andre ressurspersonar og få inspirasjon til vidare arbeid i nettverket

Leiarane vert samla til eige møte saman med leiar for styringsgruppa og leiar for driftsgruppa.

Nyheitsbrev

Vår og haust 2020 vil det bli sendt ut informasjonsbrev til alle ressurspersonar og leiarane deira. Det er ein felles mal for nyheitsbrevet for alle nettverka i kreftomsorg og lindrande behandling i Helseregion Vest, med ein del felles informasjon og ein del lokale nyheiter.

Velkomstbrev

Leiar i driftsgruppa sender ut velkomstbrev til alle nye ressurspersonar i nettverket i Helse Fonna.

Rapportering frå ressursjukepleiarar og leiarar

Den årlege rapporteringa er web-basert. Resultata vert presentert på årleg fagdag. Rapporteringa er ei av dei faste oppgåvene til ressurspersonane. Vi ynskjer og rapportering frå leiarane. Rapporteringa er viktig for å evaluere arbeidet i nettverket og planlegge vidare.

Nettsider

Nettverket i Helse Fonna har si eiga nettside under KLB si heimeside. Innhald i perm for ressursjukepleiarane er lagt ut på heimesida.

Alle nettverksmøta vert annonserte fortløpande og undervisning frå årleg fagdag er å finna der.

Informasjon om nettverket

Ressurspersonane skal informera om nettverket og si eiga rolle til aktuelle samarbeidspartnarar. Brosjyren med info om nettverket og ressurspersonen si rolle skal nyttast til pasientar og pårørande.

Driftsgruppa for sjukepleienettverket laga i 2015 ein roll-up med presentasjon av nettverket. Denne vert brukt på årleg fagdag og andre aktuelle samanhengar.

Alle ressurspersonar fekk i 2018 ei nål til å bere på uniforma for å syne funksjonen. Denne vil fortsatt bli delt ut til nye ressurspersonar på introduksjonskurs og på nettverksmøter. Leiarane har eit særskilt ansvar for å informere om nettverket i eigen organisasjon.

Fysioterapi og ergoterapinettverket i 2020

Målsetning for fysioterapi- og ergoterapinettverket er å:

- Auka kompetanse, interesse og engasjement for palliasjon for fysioterapeutar og ergoterapeutar
- Skapa eit forum for samhandling mellom fysioterapeutar og ergoterapeutar på dei ulike nivåa, og dermed fremma samarbeid og behandlingsflyt i fysioterapi- og ergoterapitenesta.
- Fremma samarbeid med andre faggrupper.

Satsingsområde frå strategiplan:

Det er vald ut satsingsområde for nettverket ut frå strategiplanen. I 2020 vil ein ha fokus på mellom anna desse emna:

- Erfaringsutveksling, vidareformidling og hospitering
- Tverrfagleg samarbeid og kommunikasjon
- Eutanasi og lindrande sedering. Tema på årleg fagdag 2020.
- Å få enda betre innarbeida møte mellom ressursperson og nærmaste leiar (mal for møte mellom ressursperson og leiar er utarbeida)
- Tema for årleg fagdag for fysioterapeutar og ergoterapeutar november 2020 er foreløpig ikkje bestemt. Tema vil bli valt med utgangspunkt i strategiplan, kompetansekrav og tilbakemeldingar frå ressurspersonane.

Når det gjeld kompetanseheving, vil ein oppmoda ressurspersonar til å hospitera både i kommunar og på sjukehus hjå ressurspersonar og i palliativt team.

Det vert arbeidd vidare med å rekruttera fleire ressurspersoner til fysioterapi- og ergoterapinettverket og det vil spesielt bli lagt vekt på å rekruttera fleire ergoterapeutar.

Driftsgruppa har laga ein perm med nyttig informasjon og retningslinjer til ressurspersonar i nettverket. Denne skal reviderast 2019/2020. Det vert også arbeida med å få eit tettare samarbeid og felles handlingsplan med nettverka av fysioterapeutar og ergoterapeutar i Helse Bergen og Helse Stavanger. Dette arbeidet vil bli vidareført i 2020.

Kompetansenivå:

Det er et mål at ressurspersonane skal tileigne seg kompetanse på nivå B, som beskrive i Nasjonalt handlingsprogram med retningslinjer for palliasjon i kreftomsorgen, Helsedirektoratet, sist revidert 2019.

Fysioterapeutar og ergoterapeutar som behandlar kreftpasientar og andre pasientar i palliativ fase, skal ha grunnleggande kjennskap til: palliasjon som fagfelt, organisering av det palliative tilbodet og kjenna til den palliative kulturen.

Fysioterapeutar skal ha:

- grunnleggande kjennskap til palliativ medisin (symptom og symptomlindring)
- grunnleggjande kunnskap om korleis kreftsjukdommar og kreftbehandling verkar inn på fysisk funksjon
- grunnleggjande kunnskap og ferdigheiter i fysioterapi til pasientar i palliativ fase:

- generelle prinsipp for kartlegging, målsetting og val av tiltak
- fysisk aktivitet i palliativ fase
- smertelindrande tiltak
- lymfødembehandling i palliativ fase
- aktuelle tiltak ved andre vanlege symptom og tilstandar hjå pasientar i palliativ fase
- f. eks. dyspnè, skjelettmetastasar, nevrologiske symptom og fatigue
- forsiktighetsreglaer og kontraindikasjonar i palliativ fase
- kjennskap til etiske problemstillingar og utfordringar innan kommunikasjon i møte med pasientar i palliativ fase og deira pårørande

Ergoterapeutar skal ha:

- grunnleggjande kjennskap til palliativ medisin (symptom og symptomlindring samt fokus på best mogeleg livskvalitet)
- grunnleggjande kunnskap om kreftsjukdommar og kreftbehandling, samt korleis sjukdommen og behandlinga verkar inn på fysisk, kognitiv, sosial og emosjonell funksjon
- grunnleggjande kunnskap og ferdigheter i ergoterapi til pasientar i palliativ fase:
- ta utgangspunkt i, og understøtta, pasienten sine egne ressursar, ynskjer og behov gjennomføra kartlegging, målsetting og val av tiltak
- bidra til god livskvalitet gjennom funksjonsvurdering, optimalisering av funksjon og støtte/tilrettelegging for ønska aktivitet
- medverka til lindring av vanlege symptom og tilstandar hjå palliative pasientar
- kompensera for tapte funksjonar gjennom å leggja miljøet til rette for å kunna utfalda seg og delta i meningsfull aktivitet i kvardagslivet, herunder søkja om tekniske hjelpemiddel.
- vera kjent med forsiktighetsreglar og kontraindikasjonar i palliativ fase

I 2020 vil driftsgruppa vidareføra desse måla, slik at ergoterapeutar og fysioterapeutar vil kunna utvikla seg vidare for å nå kompetansekrava som hele nettverket har laga for 2017-2020 i Helseregionen Vest.

Desember 2019

Driftsgruppa for sjukepleienettverket ved leiar Grete Skeie Sørhus

Driftsgruppa for fysioterapi- og ergoterapinettverket ved leiar Karoline Berge